

3. GEBYR FOR HANDSAMING OG KONTROLL AV MINDRE AVLØPSANLEGG

Heimel: Forureiningslova § 52 a og forureiningsforskrifta § 11-4 (kommunale saksbehandlings- og kontrollgebyr). Kommunen er myndigheit etter kap. 12 og kap. 13.

Vedtak i sak 78/25 i kommunestyremøte 15.12.25

3.1 **Ramme for gebyrutrekning**

Samla gebyrinntekter skal ikkje overstige kommunen sine naudsynpte kostnader for sakshandsaming og kontroll av mindre avløpsanlegg, men kan avreknast over ein 4-års periode.

Til alle prisar skal det leggst til meirverdiavgift.

Merk: Gebyr for byggesakshandsaming av sjølve anlegget etter plan- og bygningslova, kjem i tillegg til gebyr for utsleppsløyve og kontroll etter forureiningsregelverket. Dette er to ulike prosessar.

3.2 **Sakshandsamingsgebyr**

Sakshandsamingsgebyr skal betalast i form av eit eingongsgebyr ved handsaming av søknad om utsleppsløyve, endring/omgjering av utsleppsløyve.

Tabell Gebyr utsleppsløyve	Søknad om utsleppsløyve under 15 pe	Søknad om utsleppsløyve frå 15 til 49 pe	Søknad om utsleppsløyve over 50 pe
a.Søknad om utsleppsløyve	6000	12000	20000
b. Mindre endring av utsleppsløyve	2000	5000	10000

Større endring/omgjering av utsleppsløyve følgjer same satsar som for søknad om utsleppsløyve.

3.3 **Tilsynsgebyr**

Heimel: Gebyra er fastsette med heimel i lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket § 5, gjeldande f r å og med 1. mars 2025.

Kommunen krev årleg tilsynsgebyr for private avløpsanlegg for å dekkje kostnadar ved lovpålagt tilsyn og myndigheitsutøving etter forureiningsregelverket.

SYKKYLVEN KOMMUNE

Gebyret blir kravd per anlegg og omfattar planlegging, gjennomføring og oppfølging av tilsyn, kontroll av drift og vedlikehald, handsaming av avvik og nødvendig registrering/ rapportering.

Gebyret kjem i tillegg til eventuelle gebyr for utsleppsløyve og til private avtalar om service og tømning av avløpsanlegg.

Satsar:

Anlegg etter forurensningsforskrifta kapittel 12: Kr 560 per år.

Anlegg etter forurensningsforskrifta kapittel 13: Kr 1120 per år.